



Forskrift om skulestruktur i Sande kommune gjeldande frå 01.08.2020

Forskrifta er heimla i Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova) § 8-1, 1. ledd:

«Grunnskuleelevane har rett til å gå på den skulen som ligg nærast eller ved den skulen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skule dei ulike områda i kommunen soknar til.»

og vedtak i Sande kommunestyre 28.04.20 – PS 45/20.

I det følgjande vert nærskulen for den einkilde eleven i Sande definert. Alle elevar har ein lovfesta rett til å gå på nærskulen sin.

1. Gursken oppvekstsenter er nærskule for alle elevar som bur i Gjerdsvika, Haugsbygda, Gursken og Sandvika og skal gå i 1. – 7. klasse i grunnskulen. Krinsgrensene går ved kommunegrensa mot Herøy i nord/vest og ved Drageskaret i sør.
Gursken oppvekstsenter er nærskule for alle elevar som bur i Gjerdsvika, Haugsbygda, Gursken, Sandvika, Larsnes, Hallebygda og Skredestranda og skal gå i 8. – 10. klasse i grunnskulen. Krinsgrensene tilsvarar Gurskøydelen av Sande.
2. Larsnes oppvekstsenter er nærskule for alle elevar som bur på Skredestranda, Larsnes og i Hallebygda og skal gå i 1. – 7. klasse i grunnskulen. Krinsgrensene er avgrensa av Laupen, Drageskaret, Nupen og fjorden.
3. Kvamsøy oppvekstsenter er nærskule for alle elevar som bur på Sandsøy, Voksa, Kvamsøy og Haugsholmen og skal gå i 1. – 10. klasse i grunnskulen.
4. Fritt skuleval:
Frå 01.08.2020 er det etter vedtak i Sande kommunestyre 28.04.2020 opna for fritt skuleval innan Sande kommune etter nærare utarbeidde reglar (Sak K-52/20).
5. Forskrifta er vedteken i Sande kommunestyre (K-51/20) og gjeld frå 01.08.2020.